

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.06.2017

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- 1 Utval for opplæring og helse står framlegget frå departementet om å gjera Fagbrev på jobb til ei alternativ opplæringsordning fram til fagbrev på lik line med lærlingordninga og praksiskandidatordninga.
- 2 Utvalet ønskjer at den nye opplæringsordninga skal omfatta alle fag, men ser at det kan vera tenleg at dei ulike faga vert fasa inn over tid i samråd med fagleg råd.
- 3 Utvalet er samd med departementet i at innmelding til ordninga føreset at deltakar har relevant praksis tilsvarande minimum eitt år i full stilling
- 4 Utvalet står departementet sitt forslag om at det vert oppretta ein opplæringskontrakt mellom partane som sikrar deltakaren ein personleg opplæringsplan og som avtalar ansvars- og oppgåvefordelinga i opplæringa mellom skule og verksemد.
- 5 Utvalet er av den oppfatning at krav til fellesfag bør inngå i Fagbrev på jobb, etter same ordning som for vaksne i yrkesfag som har vitnemål som gjev yrkeskompetanse, jf forskrift til opplæringslova § 1-13. Utvalet meiner vidare at opplæring i basisferdigheter bør inngå som del av opplæringa i yrkesfaga. Ein ser det ikkje som tenleg å utvikla eigne læreplanar og vurderingssystem for særskilt opplæring i basisferdighetene i den nye opplæringsmodellen.
- 6 Utvalet er på det reine med at lang praksis og høg realkompetanse kan gje monaleg avkorting av opplæringstida, men er samd med departementet i at opplæringsperioden ikkje vert sett kortare enn eitt år, ut frå omsyna til deltakars faglege utvikling og modning. Utvalet meiner vidare at deltakar må ha minst 50 % fast stilling for å sikra tilstrekkeleg tid til opplæring og kontinuitet i denne.
- 7 Utvalet meiner at programfaga i den nye opplæringsmodellen bør vurderast ved den same sentralt gitte eksamen som for lærlingar, etter opplæringslova § 3-3 full opplæring i bedrift, og praksiskandidatar. Ein ser det elles som naturleg at særskilde eksamenar på Vg3 før fagprøva også må gjelda for deltakarar i den nye ordninga.
- 8 Utvalet er på det reine med at verksemndene sine opplæringsoppgåver i den nye modellen er omfattande og står departementet sitt syn på at verksemndene bør godkjennast etter same kriterium som læreverksemndene. Utvalet ser det som naturleg at verksemndene får tilskot til opplæringsaktiviteten på nivå basistilskott II, som for vaksne lærlingar. Utvalet finn det naturleg at tilskotet følgjer heile opplæringsperioden.
- 9 Utvalet legg til grunn at fylkeskommunen vert kompensert for ekstra kostnader som måtte følgja av ordninga.
- 10 Som nemning på den nye ordninga viser utvalet til utviklingsprosjekta i Hordaland fylkeskommune som har tittelen VOPA, akronym for vaksenopplæring på arbeidsplassen. Alternativt namn på opplæringsordninga kan vera fagkandidat.